



Skatt Vest

Arbeidsgjevarkontroll i Sogn og Fjordane

Sogn regionråd består av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi er kjende med at det vert vurdert endringar i organiseringa av arbeidsgjevarkontrollen.

Sogn regionråd vil med dette gje støtte til at arbeidsgjevarkontrollen vert lokalisert i Årdal.

Sogn er i dag ein bu- og arbeidsmarknadsregion som stadig veks tettare saman.

Kommunane i Sogn har samarbeid innan fleire interkommunale tenester.

Arbeidsgjevarkontrollen er eitt av desse samarbeidsområda som det er politisk semje i kommunane om å vidareutvikla. Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Sogn har vore eit samarbeid mellom 9 kommunar (regionråds kommunane og Høyanger) sidan 1999.

Årdal har få statlege arbeidsplassar. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har gitt kommunane Lærdal og Årdal omstillingsstatus. Å lokalisera arbeidsgjevarkontrollen for Sogn og Fjordane til Årdal vil gje viktige kompetansarbeidsplassar som det er behov for i omstillingsarbeidet som pågår. Regionen har utdanning på høgskulenivå i Sogndal som rekrutterer til arbeidsgjevarkontrollen.

Sogn regionråd støttar opp om at arbeidsgjevarkontrollen i Sogn og Fjordane vert lokalisert til Årdal.

Med helsing

Noralv Distad
leiar i Sogn regionråd
(sign)